



Arkivnr: 2014/10532-9
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forslag til kurs i regi av Deloitte

Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2012. I kontrakten som er inngått går det fram av vedlegg 1 Kravspesifikasjon punkt 4 dette:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i fylkesadministrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar per rekneskapsår.»

I tilbudet frå Deloitte punkt 3.2.8 går det også fram m.a. dette:

«Deloitte gjennomfører årleg ei rekkje kurs innanfor eit breitt spekter av faglige tema. Desse kursa vil nøkkelpersonar frå fylkeskommunen vederlagsfritt kunne delta på. Slike kurs kan eksempelvis omfatte nyhende innan avgift og rekneskap, aktuelle problemstillingar innan sentrale tenesteområde og/eller tema knytt til dømes til effektivisering, interkommunalt samarbeid, verktøy og metodar.

Deloitte vil også forplikte seg til å setje opp 2 kursdagar per rekneskapsår i tråd med konkurransegrunnlaget. Tema vil avtalast ved det einskilde høve.

Deloitte kan utover dette også halde andre kurs for kontrollutvalet eller fylkeskommunen innan ei rekkje tema. Vederlag vil bli avtalt i kvart tilfelle.»

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 17.2.2014:

1. Kontrollutvalet godkjenner at kurs som Deloitte gjennomførte 16.1.2014 for tilsette og styrerepresentantar i selskap der HFK er eigar, vert rekna som ½ dag av «kurs-kvoten» for 2014.
2. Deloitte vert til neste møte i kontrollutvalet beden om å komme med forslag til aktuelle tema det kan haldast kurs innan.
3. Forslaga bør innehalde desse punkta: tittel på kurset, målsetjing, målgruppe, varighet og føredragshaldar

Vidare leverte Deloitte forslag til aktuelle tema til møte 24.3.14 og det vart på bakgrunn av dette gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at Deloitte arrangerer halvdagskurs: «Spesialtilpassa MVA-kurs – Fokus på investeringar» i første halvår 2014.*
2. *Vidare vert Deloitte beden om å ajourføre oversikten ut frå dei innspela som kom fram i møtet og sende den til sekretariatet innan 9.4.14.*
3. *På bakgrunn av ajourført oversikt skal utvalet i neste møte gjera prioritering av dei neste kursa som skal gjennomførast.*

Drøfting

Sekretariatet mottok 25.4.14 frå Deloitte oppdatert oversikt over kurs i tråd med dei signala kontrollutvalet kom med i forrige møte. Oversikten ligg ved. Av oversikten går det fram at desse kursa er foreslått prioritert:

1. Spesialtilpassa MVA-kurs – fokus på investeringar – Er ferdig
2. Samfunnsansvar og antikorrupsjon
3. Habilitet
4. Kontrakts- og leverandøroppfølging

Dei 3 kursa som enno ikkje er gjennomført er sett til 2 timars varighet. Sekretariatet meiner at dei alle bør kunne gjennomførast, i den rekkefølge som går fram over, i løpet av hausten 2014 ev. vinter 2015, i samband med møte i kontrollutvalet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtar at Deloitte gjennomfører kurs 2 – 4 i løpet av hausten 2014 ev. vinter 2015. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan samfunnsansvar og antikorrupsjon 19.09.14
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan habilitet 3.11.14
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan kontrakts- og leverandøroppfølging 15.12.14 ev. 16.2.2015
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Oppdatert oversikt kurs 2014 frå Deloitte